

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjelm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/8728-1

Skriv og melding - fylkesrådet for eldre møte 13. november 2018

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak

Vedlegg:

Uttale frå fylkesrådet for eldre i Hordaland
Invitasjon til dialogmøte om samarbeid og gjennomføring av reforma «Leve hele livet»
Høyringsuttale – revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter
Uttale frå fylkesrådet for eldre i Vest-Agder

Meldesak 1) Frå fylkesrådet for eldre i Hordaland til prosjektleiar Vestland fylkeskommune om politisk organisering

Fylkesrådet for eldre i Hordaland har sendt fylgjande uttale til prosjektleiaren for Vestland fylkeskommune:

«Fylkeseldrerådet i Hordaland er glad for at prosjektleiar i det vidare arbeidet vil innhente innspel frå fylkesrådet for eldre og fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Når det gjeld organisering av dei to nemnde råda har fylkeseldrerådet ved tidlegare høve, m.a. i samband med høyring til ny kommunelov, gitt uttrykk for rådet sitt syn.

Fylkesrådet i Hordaland går inn for at Fylkeseldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne held fram som to sjølvstendige råd».

Meldesak 2) Høyringsuttale – revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter

Fylkesrådet for eldre har sendt inn høyringsuttale til revisjon av regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter. Uttalen er lagt ved.

Meldesak 3) Invitasjon til dialogmøte om samarbeid og gjennomføring av reforma «Leve heile livet» - 28. – 29. november 2018

Fylkesmannen skal saman med KS ha ei sentral rolle i gjennomføringa av reforma. Fylkesmannen skal også inngå eit formalisert samarbeid med KS og Utviklingscenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT), samt samarbeide med fylkeskommunane, regionale fagmiljø, fylkeseldreråd og aktuelle organisasjonar. Sjå vedlegg for detaljar i programmet for samlinga.

Påmeldingsfristen til dialogmøte var 1. november. Harald og Aud Karin har meldt seg på til dialogmøte.

Meldesak 4) Eldre er ein samfunnsressurs sjølv om dei har gått ut av arbeidslivet

Uttale frå fylkesrådet for eldre i Vest-Agder til Frivilligsentralane i Vest-Agder og dei kommunale råda i same fylket, der dei uttalar seg om kva samfunnsressurs dei eldre er. Heile uttalen er lagt ved.

Meldesak 5) Ymse